



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 17

(2006–2007)

## Om endringar i statsbudsjettet for 2006 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 24. november 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått enkelte endringar i løyvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2006.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar under kap. 100 Utanriksdepartementet, kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet og kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 79 mill. kroner. I tillegg blir det gjort framlegg om endringar under kap. 197 Utviklingshjelp til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak.

#### Programområde 02 Utanriksforvaltning

##### Kap. 100 Utanriksdepartementet

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Det er etablert ei stilling som næringslivsmedarbeidar ved generalkonsulatet i Murmansk i samsvar med Regjeringa sitt ønske om å styrke det norsk-russiske nærings samarbeidet i nord. I samband med dette blir det foreslått å omdisponere 700 000 kroner frå kap. 197, post 70 Tilskot til atomtryggingstiltak, prosjektsamarbeidet med

Russland/SUS og arktisk samarbeid til kap. 100, post 01 Driftsutgifter.

##### Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Ein gjennomgang av utgiftene under posten viser eit venta mindreforbruk på 2,5 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,5 mill. kroner.

##### Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

###### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Ein samla gjennomgang av pliktige tilskot til internasjonale organisasjonar viser eit mindreforbruk på om lag 90 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast mellom anna lågare pliktige bidrag til FN sine fredsoperasjonar, til EFTA og EFTA-organa og til Organisasjon for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) enn det som var rekna med tildelagare.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 90 mill. kroner.

*Post 72 Finansieringsordninga i det utvida EØS, kan overførast*

Det har tatt lengre tid å få inn og handsame søknader om prosjektstøtte under dei to finansieringsordningane i det utvida EØS enn det Utanriksdepartementet har gått ut i frå. Utbetaling i 2006 vil derfor bli lågare enn det som var rekna med tidlegare.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 164 mill. kroner

*Post 73 Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 162 mill. kroner, jf. omtale under kap. 116, post 72.

**Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp**

**ODA-godkjend utviklingshjelp**

**Kap. 141 Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)**

*Post 01 Driftsutgifter*

Norad har tidlegare i år ferdigstilt ein strategi for verksemda si mot 2010. For å gjennomføre strategien er det nødvendig å sikre riktig kompetanse i organisasjonen.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 3,6 mill. kroner.

**Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling**

*Post 01 Driftsutgifter*

Informasjonssenteret om norsk utviklingssamarbeid på Vestbanen har teke lengre tid å etablere enn opprinneleg planlagt.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3,5 mill. kroner.

**Kap. 161 Næringsutvikling**

*Post 72 Finansieringsordning for utviklingstiltak, kan overførast*

Tiltaka har hatt eit mindre omfang enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 26 mill. kroner.

**Kap. 162 Overgangsbistand**

*Post 70 Overgangsbistand, kan overførast*

Det er behov for å auke hjelpa til Afghanistan til ulike tiltak for fattigdomsreduksjon, landsbygdutvikling, vatn, styresett og reform av justissektoren. I tillegg tek ein sikte på å setje av midlar til regionalt konfliktløysingssamarbeid. Det blir gjort framlegg om ein auke på 30 mill. kroner.

Av midlane som er satt av til gjenoppbygging etter Tsunamien blei 125 mill. kroner overført til 2006. Negativ utvikling med auka vold på Sri Lanka hindrar og forsinkar gjenoppbyggingsarbeidet etter flodbøljekatastrofa. Det blir gjort framlegg om at ein framover ikkje lenger skil mellom støtte til tsunamirelatert og anna gjenoppbygging. Dette vil gjere det lettare å bidra til auka finansiering av tiltak for den krigsramma befolkninga på Sri Lanka.

**Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar**

*Post 70 Naturkatastrofar, kan overførast*

Det er behov for å auke hjelpa til akutte naudhjelpstiltak og førebyggjande humanitære tiltak i Afghanistan.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 5 mill. kroner.

*Post 71 Humanitær hjelp og menneskerettar, kan overførast*

Det er behov for auka humanitær støtte til Afghanistan. I tillegg er det òg store udekte behov i andre land, ikkje minst i Afrika.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 40,41 mill. kroner.

Det er ei viktig målsetjing for Regjeringa å bidra til ei brei internasjonal satsing på demokrati- og reformarbeid i den muslimske verda. Bidrag til økonomisk utvikling, godt styresett og auka gjen-sidig forståing blir sentralt i dette arbeidet.

Som eit ledd i dette arbeidet støttar Utanriksdepartementet tiltak som styrker det sivile samfunn i den muslimske verda, og tiltak som søkjer å utvide kontaktflatene mellom representantar for det sivile samfunn i den muslimske verda og Noreg.

Stortinget har bedt regjeringa vurdere eit utvekslings- og samarbeidsprogram mellom muslimske land og Noreg for å styrke denne kontakten, jf. Dok. Nr 8:36 (2005-2006) og Innst. S. nr. 157 (2005-2006). Regjeringa tek sikte på å kome

tilbake til dette i samband med revidert nasjonalbudsjett 2007.

### **Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak**

#### *Post 70 Ymse tilskot, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3 mill. kroner.

### **Kap. 167 Flykningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)**

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Nokre utgifter knytta til flykningar sine opphald i

Noreg det første året er godkjend som offisiell utviklingshjelp og kan bli dekkta under kap. 167 Flykningtiltak i Noreg, post 21 Spesielle driftsutgifter. Dette gjeld mellom anna reiseutgifter for flykningar til og frå utlandet, utgifter til integreringstilskot for overføringsflykningar, utgifter til opplæring av barn i mottak og andre opplæringsformål, sjå tabellen. Overslaget over utgifter til flykningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp må justerast ned med 17,4 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 17,4 mill. kroner.

Formål	Reduksjon (mill. kr)
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	
Kap. 3651, post 01 Integreringstilskot for overføringsflykningar	9,8
Kap. 3690, post 03 Reiseutgifter for flykningar til og frå utlandet	4,1
Kunnskapsdepartementet	
Kap. 3225, post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	1,0
Barne- og likestillingsdepartementet	
Kap. 3854, post 04 Barne- og ungdomsvern	2,5
Sum	17,4

### **Kap. 170 FN-organisasjonar mv.**

#### *Post 78 Bidrag til andre FN-organisasjonar mv.*

Utgifter til refusjonar i samband med andre departement si deltaking i diverse FN-organisasjonar er lågare enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 0,7 mill. kroner.

#### *Post 79 Ekspertar, juniorekspertar og FN's fredskorps, kan overførast*

Midlane til arbeidet med rekruttering av nordmenn til internasjonale organisasjonar vil ikkje bli disponert fullt ut i 2006.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 15 mill. kroner.

#### *Post 80 Bidrag til globale fond, kan overførast*

I revidert nasjonalbudsjett 2006 gjorde ein greie for forhandlingane om den nye internasjonale finansieringsmekanisme for vaksinebistand, International Finance Facility for Immunisation (IFFIm Co). Ein foreslo at av dei 500 mill. kroner som er løyvd til Den globale vaksinealliansen GAVI i

2006, skal inntil 19 mill. kroner bli brukt i støtte til IFFIm.

Forhandlingane er nå slutførte. I alt har Noreg lova 27 mill. USD i støtte til IFFIm i perioda 2006-2010. Avtala legg opp til like store løyvingar over fem år.

I tråd med kva det er semje om i avtala med IFFIm, er det ønskeleg å utbetale ein femdel av den norske støtta i 2006. Dette inneber at den norske løyvinga for 2006 skal kome opp i 5,4 mill. USD. Halvdelen av dette, 2,7 mill USD eller 17,2 mill. kroner, er alt betalt ut. I tillegg til denne utbetalinga, blir det foreslått ei tilsvarande utbetaling på 2,7 mill USD.

Forslaget vil være i tråd med romertalsvedtaket. Det er ikkje naudsynt med tilleggsmidlar fordi bidraget til IFFIm kan dekkast innafor løyvinga til GAVI.

### **Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar**

#### *Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast*

Det er løyvd 639,469 mill. kroner til ei rad organisasjonar på posten. Tilskotet til Nordisk utviklingsfond blei mindre enn opprinneleg planlagt.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 13,4 mill. kroner.

### Øvrig bistand

#### **Kap. 197 Bistand til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak**

*Post 70 Tilskot til atomtryggingstiltak, prosjektsamarbeidet med Russland/SUS og arktisk samarbeid, kan overførast*

I samband med opprettelsen av ei stilling som næringslivsmedarbeidar ved generalkonsulatet i Murmansk, blir det gjort framlegg om ein reduksjon på 700 000 kroner, jf. omtale under kap. 100, post 01 Driftsutgifter.

*Post 76 Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, kan overførast*

Tilskot til Verdsbanken sitt karbonfond blir dekkja under kap. 197, post 76.

Endeleg innbetaling i 2006 vil bli 6 273 000 kroner. Det blir gjort framlegg om ei auke på 1 273 000 kroner.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2006 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2006 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2006 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	700 000
		frå kr 1 429 034 000 til kr 1 429 734 000	
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	2 500 000
		frå kr 8 813 000 til kr 6 313 000	
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med.....	90 000 000
		frå kr 916 210 000 til kr 826 210 000	
	72	Finansieringsordninga i det utvida EØS, kan overførast, blir redusert med.....	164 000 000
		frå kr 200 000 000 til kr 36 000 000	
	73	Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, kan overførast, blir redusert med.....	162 000 000
		frå kr 210 000 000 til kr 48 000 000	
141		Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	3 600 000
		frå kr 156 420 000 til kr 160 020 000	
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	3 500 000
		frå kr 26 500 000 til kr 23 000 000	
161		Næringsutvikling	
	72	Finansieringsordning for utviklingstiltak, kan overførast, blir redusert med.....	26 000 000
		frå kr 112 500 000 til kr 86 500 000	
162		Overgangsbistand	
	70	Overgangsbistand, kan overførast, blir auka med .....	30 000 000
		frå kr 776 500 000 til kr 806 500 000	
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, kan overførast, blir auka med .....	5 000 000
		frå kr 270 000 000 til kr 275 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, kan overførast, blir auka med..... frå kr 1 894 752 000 til kr 1 935 162 000	40 410 000
166		Tilskot til ymse tiltak	
	70	Ymse tilskot, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 4 982 000 til kr 1 982 000	3 000 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 416 192 000 til kr 398 782 000	17 410 000
170		FN-organisasjonar mv.	
	78	Bidrag til andre FN-organisasjonar mv., blir redusert med..... frå kr 140 220 000 til kr 139 520 000	700 000
	79	Ekspertar, juniorekspertar og FN sitt fredskorps, kan overførast, blir redusert med..... frå kr 67 000 000 til kr 52 000 000	15 000 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	71	Regionale bankar og fond, kan overførast, blir redusert med..... frå kr 639 000 000 til kr 625 600 000	13 400 000
197		Hjelp til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak	
	70	Tilskot til atomtryggingstiltak, prosjektsamarbeidet med Russland/SUS og arktisk samarbeid, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 227 027 000 til kr 226 327 000	700 000
	76	Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, kan overførast, blir auka med ..... frå kr 26 775 000 til kr 28 048 000	1 273 000

---



---



